



Gjeldande retningslinjer for ungdomsmidlane

1. Ungdomspanelet i Møre og Romsdal fylkeskommune disponerar ei økonomisk ramme på kroner 250 000,- til ekstraordinære ungdomsaktivitetar i fylket.
2. Ungdomspanelet fordeler tilskot 2 gonger årleg, i april og desember. Saka blir lagt fram utan tilråding.
3. Tilskot blir gjeve til prosjekt som stimulerar til ungdomsengasjement i fylket, og skal gå til alternative ungdomsaktivitetar som ikkje elles får støtte frå det ordinære budsjettet til fylkeskommunen.
4. Ungdomspanelet er forplikta til å annonsere om søknadsfrist i god tid for tildeling av midlane.
5. Administrasjonen må syte for at dei som søkjer om stønad får snarleg tilbakemelding om behandlingsprosedyren for slike saker. For søknader som kjem inn lenge før neste tildeling (til dømes meir enn ein måned før) må det sendast melding til søkjaren om når avgjerde blir teken.
6. Krav til kontroll av bruk av midlane: Når det er fylkeskommunale midlar eller midlar fylkeskommunen står som formidlar av, blir ytt tilskot m.v. til offentleg og privat verksemd som elles ikkje er underlagt fylkesrevisjonens kontroll, skal det, dersom ikkje anna er fastsett, overfor mottakaren takast atterhald om at den som yter tilskotet m.v. eller fylkesrevisjonen, skal ha høve til å iverksetje kontroll med at midlane blir brukt etter føresetnaden.
7. Tildelte midlar blir først utbetalte når mottakaren kan dokumentere at tiltaket som har fått fråsegn om ungdomsmidlar er i gong eller investeringa ein har fått fråsegn om ungdomsmidlar til er gjort.
8. Utbetalte midlar som ikkje har blitt brukt til føremålet ungdomspanelet tildelte ungdomsmidlane til, eller der innrapportering om bruken ikkje er tilfredsstillande, vert kravd tilbakebetalt.
9. Når ungdomspanelet gjer tildelingsvedtak, vil ein samstundes setje ein dato som markerar siste frist for bruk av tildelte ungdomsmidlar og frist for innrapportering om bruken.

Retningslinjene vart reviderte av ungdomspanelet i Møre og Romsdal i møte 21.10.03 (Sak UP 08/03).